

Øistein Sandstå Jacobsen
Nyhavn 17
5042 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1199 - 21/9578

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
15.02.2021

Tillatelse til ny avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 1/14 Flatøy

Tiltak: ny avkjørsle
Eigedom: Gbnr: 1/14
Heimelshavar: Solveig Helen Sundt
Ansvarleg søker: Øistein Sandstå Jacobsen



Delegertsak nr.: 205/21

Saka gjeldt søknad om løyve til etablering av ny avkjørse frå kommunal veg for einebustad datert 04.02.2021.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Advokatfirmaet Hamervoll Pind AS bistår Solveig H. Sundt i samband med søknad om frådeling av tomt for einebustad på Gbrnr 1/14 i Alver kommunen. På vegne av Solveig H. Sundt søkes det om løyve til å etablere ny avkjørsle frå kommunal veg. Avkjørsla skal etablerat etter dei krav kommunen har til utforming, siksone med meir.



Vurdering/drøfting:


Flatøyvegen er ei kommunal veg som er etablert som ei eitfeltsveg med to kjøreretningar. Fartsgrense i kommuneveg følgjer av vegtrafikklova § 6 og er for tettbygde strøk sett til 50km/t. Sikstone for avkjørsler langs veg er ihht vegenormal N 100 satt til 4 x 45 meter.

Avkjørsla sin plassering er for nær eksisterande avkjørsle på Gbnr 1/33. Avkjørsle må flytta lenger nord på tomta, slik at den ikkje kjem i konflikt med eksisterande avkjørsle.



Avkjørsle er ikkje vist med svingradius. Svingradius for avkjørsler frå offentleg veg er ihht til forskrift om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg» pkt. 4 3. ledd satt til minimum 4 meter.

Detaljteikning for avkjørsle





Tabell D.6: Siktavstand i avkjørsler, L2		Fartsgrense [km/t]
Trafikk i avkjørsel	Fart	
ADT < 50	30 km/t	20 m
ADT > 50	30 km/t	30 m
ADT < 50	40 km/t	45 m
ADT > 50	40 km/t	60 m
ADT < 50	50 km/t	45 m
ADT > 50	50 km/t	6 m
ADT < 50	60 km/t	70 m
ADT > 50	60 km/t	8 m

Det er lagt ved eit lengdeprofil som viser at avkjørsla skal ha ei svak stigning frå kant kommunal veg. Avkjørsler skal etablerast med eit svakt fall frå offentleg veg på 2,5% (1:40) før vegen kan stige. På dei tre neste metrane skal avkjørsla ha ei naturleg overgangskurve. Krav skal sikre at overvatn frå avkjørsla ikkje vert leda ut i offentleg veg.

Under særers vanskelege forhold kan avkjørsla ha eit fall på minimum 3 cm på den første meteren. Dei 3 neste metrane skal da være horizontal. Etter dette kan vegen ha ei stigning på opp mot 12,5% (1:8).

Lengdeprofil for avkjørsle



Samandrag/konklusjon:

Alver kommune vil gje løyve til etablering av avkjørsle til tomt som skal delast i frå Gbnr 1/14 for oppføring av ny einebustad.

Vedtak:

Alver kommune gjev løyve til å etablere ny avkjørsle frå kommunal veg med heimel i veglova §§ 43 med tilhøyrande regelverk.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle må flyttast slik at den ikkje kjem i konflikt med eksisterande avkjørsle til Gbnr 1/33.
- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vognnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- På dei to første metrane skal avkjørsla ha eit jamt fall frå kant communal veg på 2,5% (jf. forskrift om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg» pkt.3).
- Siktzone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over communal vognnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/ brukarane av avkjørsla.
- Svingradius i avkjørsle vert sett til $R = 4$ meter.
- Det skal etablerast snuareal på eigen grunn slik at ein unngår rygging ut i og inn i frå communal veg.
- Under avkjørsle skal det leggast ned dreneringsrør med ei indre diameter på 200 mm. Dreneringsrør skal leggast slik at overvatn i frå communal veggrøft får fritt løp inn og ut av røret. Kommunalt grøfteareal skal oppretthaldast langs heile eigedomsgrensa.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytt fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Solveig Helen Sundt

Trygve Nilsens
vei 36 A

OSLO

Mottakarar:

Øistein Sandstå Jacobsen

Nyhavn 17

5042

BERGEN